



Nok ein god laksefangst i elva. Han vart teken på floge mellom Dønhaughølen og Djupehølen. (Foto: Frode Stensletten)

Det er meldt om nok ein god laksefangst i Uskedalselva. Tidlegare kokk på Rosendal Fjordhotell og no i Nordsjøen Erik Zetterberg har teke ein fisk på 3,5 kilo og fangsten vart gjort på floge i hølen mellom Dønhaughølen og Djupehølen.

Sett i samanheng med tilsamen 17 kilo laks som Arne Terje Haugland fanga på få dagar må det kunne seiast at også denne elva er på god veg til å verta ei god lakseelv.

Men dei siste dagana har vass-standen gått ned igjen og uskedalen.no har ikkje høyrte om nye fangstar bortsett frå nokre aurepinnar.

Den låge vass-standen blir også gjenspegla i fiskekort-salet så langt denne sommaren.

Leiar i grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetrhus opplyste fredag til uskedalen.no at det var seld 50 årskort og 30 døgnkort.

Til samanlikning vart det i heile 2005 seld 120 fiskekort.

Av Ola Matti Mathisen